

## VALDE REPRESENTANTAR TIL KYRKJE- OG HAMNERÅD

Giske kommunestyre har valt Sigvald Sæther (KrF) til kommunen sin representant i kyrkjeleg fellesråd i perioden 2019 til 2023. Vararepresentant blir Jan Ove Skodje (V). Til Ålesundregionens hamneråd har kommunestyret vald ordførar Harry Valderhaug (KrF) som sin representant, med varaordførar Kåre Sæter (Ap) som varamedlem.



Helena Godø og Nelia Dyb. Alle foto: Lea Severine Lande Dybvik

## Fryktar nedlegging

**Kommunestyret skal igjen stemme over om Godøy ungdomskule skal leggest ned og slåast saman med Valderøy ungdomsskule. Nesten alle elevane på Godøya er imot dette. Vi møtte nokre av dei.**

LEA SEVERINE LANDE DYBVIK

redaksjon@oyblikk.no

Andreas Wennevold, Helena Godø, Celina Megrund og Nelia Dyb er elevane ved Godøy ungdomsskule. Dei har sine

tankar om nedlegging:

– Eg synest det er trist at skolen kanskje skal nedleggast, og vi har veldig lyst til å ha ein skole her på Godøya, meiner Andreas Wennevold fra 8. Klasse på Godøya. Eg vil vere her fordi alle vennane mine er her, og om vi må byte risikerer vi å miste lærarene som vi er trygge på og kjenner. Om vi flyttar til Valderøya, veit vi ikkje kven alle saman er. Her kjenner alle kvarandre og det er eit godt miljø. Celina Megrund meiner det er ein dårlig ide, fordi det uansett vil ta lang tid å tjene opp så mykje pengar som kommunen treng.

**Trivst best på mindre skule**

Helena Godø fra sjuande klasse fortell at ho vil ha to mindre skular isteden for ein stor, og at ho lenge har gledd seg til å starte på Godøy ungdomsskule saman med giskingane.

– Det er så mange folk på Valderøya, og om vi kjem blir det berre fleire. For nokon er det best med mindre folk. Det vil bli dumt å byte skule fordi då blir det ein stor skule. Så om du ikkje trivast på den skulen du var på må du heilt inn til byen for å finne nærmaste skule, fortell Nelia Dyb.

– Eg hadde ikkje vorte glad om vi

hadde bytta, og måtte gå i klasse med mange vi aldri har møtt.

**Tankar om brakker**

Om det blir samanslåing med Valderøya kan det til å bli sett opp fleire brakker, og skulen må snart utvidast. Dette er kva Andreas meiner om brakker:

– På den andre ungdomsskulen er det allerede dårlig plass, og vi har bra klasserom og god plass her. Då blir det dumt å måtte stappe skulen enda fullare, og få fleire brakker med dårlig luft som ikkje er egna som klasserom. Eg tenker at lokala her er betre en brakker, seiar Andreas.



Celina Megrund.



Andreas Wennevold.